

INFORMASJON OM KORONASITUASJONEN

Volda kommune 29.10.20



Volda
kommune

INFORMASJON OM KORONASITUASJONEN 29.10.20

Smittestatus i Volda. I veke 43 vart det testa 313 personar i Volda og Ørsta. Den 27.10.20 mottok Volda kommune to positive prøvesvar. Siste positive prøvesvar før det var 10.10.20.

Dei to som fekk påvist koronasmitte har ein relasjon, men smitteskjelda er ukjent. 44 personar er sett i karantene. Det høge talet på personar i karantene skriv seg frå at den eine personen som har fått stadfesta Covid-19 har vore på korøving. Heile koret og andre nærkontaktar er sett i karantene.

Førre smittetilfelle i Ørsta som vart registrert 21. oktober, hadde også ukjent smitteskjelde. Fordi det har vore ukjent smitteskjelde ved dei siste tilfella, ber kommuneoverlegen om at alle i lokalmiljøet som har symptom på luftvegsinfeksjon å halde seg heime og teste seg. Det vert oppmoda om å ha lav terskel for å teste seg. I går, den 28.10.20, vart det testa 170 personar. Kommunen er godt organisert og har eit robust system for smittesporing. Kommunen er i samarbeid med Ørsta kommune godt rusta til å handtere storstilt smittesporing ved behov. Ein kan teste 400 personar per dag om det vert behov for det

Timebestilling for koronatest :

- Koronatelefon for Volda og Ørsta: tlf. 700 58 960
- Opningstid: kvardagar kl 09.00-14.00
- Oppmøtestad: Langemyra 3, Hovdebygda
- Dersom du ikkje har bil eller har vanskar med å komme på teststasjonen i Hovdebygda, finn vi ei anna løysing for deg. Ta kontakt og vi gjer avtale om kvar du kan få tatt testen

Inntil du har fått svar på testen din **og** du er i god allmenntilstand må du halde deg heime. Du skal ikkje gå i butikkar eller andre stadar der du kjem tett på andre menneske.

Til deg som ventar på prøvesvar

Hovudregelen er at du som ventar på prøvesvar skal holde deg heime til du har fått svar **og** er ved god allmenntilstand. Du skal ikkje gå på arbeid eller skule, du skal ikkje ta offentleg transport eller oppsøke offentlege stadar, og du skal halde god avstand til alle andre enn dine nærmaste. Dine husstandmedlemar treng ikkje å vere i karantene, heller ikkje husstandmedlemar som arbeider i helsetenesta. Ved negativ test kan du gå tilbake til arbeid eller skule når du er i god allmenntilstand. Det vil seie at du er feberfri og kjenner deg frisk.

Karantene. Det er til no sett 44 personar i karantene etter smittesporing rundt dei to positive prøvesvara som kom den 27.10.20. I denne samanheng lurar fleire på korleis dei skal opptre når ein er i karantene.

Dei som skal i karantene er i utgangspunktet friske, men har vore i ein situasjon der dei kan ha blitt smitta. Desse skal difor vere i karantene i 10 døgn for å hindre at dei

smittar andre før dei sjølve får symptom. Folk i same husstand kan gå på jobb, skule og barnehage.

For personar som er i karantene gjeld dette:

- Ikkje gå på skule eller arbeid
- Ikkje ta offentleg transport
- Unngå besøk
- Du kan gå tur, men med godt over 1 meter avstand til andre
- Du kan gjere heilt nødvendige ærend i matbutikk eller apotek
- De som bur saman kan omgås normalt
- Dei du bor saman med er ikkje i karantene
- Dersom du får symptom på luftvegsinfeksjon, skal du isolere deg og teste deg
- Ved positiv prøve skal du over i heimeisolering

[Her kan du lese meir om reglane rundt karantene og isolasjon \(fhi.no\).](#)

[Generelle råd om kva du skal gjere dersom du mistenker at du er smitta av Covid-19 \(fhi.no\).](#)

Isolasjon. Personar som har fått påvist covid-19 skal vere i isolasjon. Du skal ikkje gå ut av heimen din, men du kan opphalde deg i eigen hage eller på eigen terrasse. Du må få hjelp av andre til å gjere naudsynte ærend, som å handle mat. Dei du bur saman med skal vere i karantene.

For personar som er i isolasjon gjeld dette:

- Hald deg heime
- Hald heilt avstand til andre du bur saman med
- Dersom det er mulig, bruk eige rom og bad
- Vask overflater ofte
- Få hjelp til å handle
- Avtal med legen din korleis du skal følgje med på helsetilstanden din
- Dei du bur saman med skal vere i karantene

[Her kan du lese meir om reglane rundt karantene og isolasjon \(fhi.no\).](#)

[Informasjon på fleire språk/Corona-information in foreign languages](#)

Sosiale samlingar

Avgrens nærkontaktane dine

Regjeringa tilrår at alle er saman med færre personar i sosiale samanhengar, i kortare periodar og ikkje med mange forskjellige personar i løpet av ei veke. Før gjerne liste over nærkontaktar slik at ein raskt kan setje folk i karantene om nokon skulle få påvist koronasmitte. Den einskilde sin innsats er avgjerande for at vi kan unngå oppblomstring av viruset.

I private heimar, hagar eller hytter bør ein ikkje ha meir enn 5 gjestar i tillegg til husstanden. Dersom alle gjestane er frå same husstand kan ein vere fleire. Regelen

om at ein ikkje bør ha fleire enn 5 gjestar gjeld ikkje for dei som alt er nærkontaktar i barnehage og skule.

Private samankomstar på offentleg stad eller i leigde eller lånte lokalar skal ha ei grense på maksimalt 50 deltakarar. Dette gjeld også dersom arrangementet er på serveringsstad.

Serveringsstadar med og utan skjenkeløyve kan halde ope dersom drifta er smittevernfareleg forsvarleg. Det er krav om minst 1 meter avstand til personar i anna husstand. Serveringsstadar skal registrere kontaktopplysningar til dei gjestane som samtykker til det. Det er tilstrekkeleg å registrere opplysningane til ein person i kvar gruppe. Serveringsstaden skal likevel oppmode om at flest mogleg gir opp kontaktopplysningar.

Bordservering. Ved serveringsstadar som har skjenkeløyve skal servering av alkohol skje ved bordservering, og det skal vere sitteplassar til alle gjestane.

Serveringsstaden skal syte for at det er minst 1 meter avstand mellom sitteplassane når gjestane kjem til staden. Det er viktig at stolane er plassert med rett avstand slik at ikkje kundane sjølv må flytte om på stolane og be om større plass. Det er berre dersom gjestane på førehand har bestilt bord og opplyst om at dei er i same husstand at serveringsstaden kan plassere stolar med mindre enn 1 meter avstand før gjestane kjem til serveringsstaden.

Her kan du lese [retteleiar for denne bransjen på helsedirektoratet sine sider.](#)

Besøk ved bemanna omsorgsbustadar for eldre.

Ønskjer du å besøke nokon som bur på omsorgsbustadane? Då må du ta kontakt med bebuaren sjølv, pårørande eller verge. Det er dei som avgjer kven som kan få kome på besøk. Det er ikkje lenger låste dører på dagtid og besøkande treng ikkje ringe på førehand for å avtale besøk med personalet. Det er ikkje krav om å skrive besøkslogg, men vi oppmodar om at den blir nytta. [Her er informasjonsskriv med kontaktinformasjon datert 22.10.20.](#)

Besøk på institusjon har eigne retningsliner pr 22.09.20 som gjeld for besøk. For å hindre at det kjem smitte ev covid-19 på institusjonane er dørene framleis låst og dei som skal på besøk må gjere avtale. Her finn du [informasjonsskriv og kontaktinformasjon for Hornindal omsorgssenter og Volda omsorgssenter.](#)

Kommunale bygg. Det er framleis opne for at leigetakarar kan bruke kommunale bygg.

Hald ut og følg smittevernråda. Hald avstand, vask hender og hald deg heime om du har symptom på luftvegsinfeksjon.